

# VALEN KRAFTVERK AS

Olje- og energidirektoratet  
Postboks 8148 DEP

0033 OSLO

Vår dato  
28.01.11

Vår referanse

Dykkar referanse

## LOV OM ELSERTIFIKAT - HØYRING

Vi syner til høyringsnotat av 08.12.2010 om "lov om elsertifikat"

Valen Kraftverk AS er samd med regjeringa i at ei ordning med eit felles svensk/norsk sertifikatmarked er ein god måte å skapa eit grunnlag for ei satsing på fornybar energi. Vi er også glade for at lovutkastet legg opp til teknologinøytralitet.

Det vi er mindre nøgde med er overgangsordninga som vart fastsett med verknad frå 26. november 2009. Overgangsordninga omfattar alle kraftverk med byggjestart etter 7. september 2009.

Basert på tydelege signal som Olje- og energiminister, Einar Steenes, kom med i stortingsmelding nr. 18 (2003 – 2004) og pressemelding med lovnad om at produksjon med byggjestart etter 1. januar 2004 skulle få høve til å vera med i ordninga, er det eit stort lovnadsbrot at ikkje alle vasskraftverk får vera med i ordninga frå denne dato. Det er også grunn til å minna om komiteen si handsaming av stortingsmelding nr. 18 (2003 – 2004)

Valen Kraftverk, som er eigd 100% av Hordaland Fylkeskommune, vart første gong utbygd i 1909 og modernisert i 1939. Kraftverket vart bygd heilt nytt og sett i full produksjon 1. august 2008. Produksjonen vart auka frå 5 GWh til 19,3 GWh, og maskininstallasjonen auka frå 1,2 MW til 3,8 MW.

Valen Kraftverk AS vil be om at alle nye kraftverk, og alle som har rusta opp og utvida eldre kraftverk for å auka produksjonen etter 1. januar 2004, får ta del i den nye ordninga med elsertifikat. Vi vil også rå til at overgangsordninga skal gjelda frå produksjonstartstidspunktet i staden for byggjestart.

Det vil vera eit lovnadsbrot om ikkje all vasskraft som kvalifiserar til det vil bli inkludert i ordninga frå 1. januar 2004. Vi må be om at dette vert gjort.

Valen Kraftverk har merknader til det urasjonelle regelverket knytta til innslaget av grunnrenteskatt. Vi ber om at ein botnfrådelingsmodell vert innført for å gjera grensa indifferent på val av maskinstorleik, og at det ikkje blir innført grunnrenteskatt på elsertifikat.

Med helsing  
Valen Kraftverk AS

Hans Martin Hjelmeland  
Dagleg leiar

---

Postadresse  
Valen Kraftverk AS  
c/o Kvinnherad Energi AS  
5464 Dimmelsvik

Telefon: 53 47 56 00  
Telefaks: 53 47 56 30

Foretaksregisteret  
NO 985 383 820  
Kontonr.  
3460.11.74539